

Styremøte

- Tid:** 13. august 2007, kl 19:00
- Stad:** Angedalsveien, Førde
- Tilstades:** Sissel Strømmen, Guttorm Kleppe, Åsne Folstad, Heidi Fureli og Rune Berge
- Forfall >** Leif Laache
- Skrivar:** Sissel Strømmen

1. Tekstmelding - ny mulighet for denne tenesta - tilbud frå PSWinCom SMS Gateway

- Økonomi: Etableringsgebyret er i utgangspunktet 1000,-. Standardløsning kostar i tillegg 98,- kr per mnd, MEN
Frivillig lag og organisasjonar slepp disse kostnadane i byte mot logo og link på heimeside. Då betaler vi berre for SMS bruken - om lag 0,66 øre
- 2 vegsystem - vi kan sende ut meldingar og dei som mottar melding kan også sende svar til bake
- Oppseiingstid: sannsynlegvis ikkje noko då det er betaling på månadsbasis
- Sjå ev meir på heimesida www.pswin.com

Vedtak:

Vi inngår avtale med firmaet og prøver ut denne løysinga

2. Ny heimeside og bruken av den

Kristian reknar seg no som ferdig med sida og at bestillinga frå SKK er levert. Han vil framleis vere web-ansvarleg gitt at det berre er han som har tilgong til endre lay-out.

Rune demonstrerte kort korleis ein kan leggje inn informasjon/bilete. Det må opprettast brukarar for styremedlem og andre slik at ein fortløpande kan leggje inn nyhende.

Vi legg opp til eit arbeidsmøte der vi har fokus på å jobbe med sida - leggje inn bilete/gamle turrapportar mm.

3. Brosjyre og trykking av den

- Gjennomgong av innkomne tilbud.
- Opplag: 1000 stk
- Vi går for Natvik - dei har det beste tilbudet.
- Sissel avklarar:
 - Kvalitetsforskjell på Offset/digital
 - Papirkvalitet?
 - Kva om vi vil trykke opp 200 neste år - kva blir då prisen?

4. Program for hausten

- Njord Stormsamling flytta til 12-14. oktober. Guttorm jobbar med å få overnatting
- Kurs: Det blir i utgangspunktet ikkje satt opp noko kurs framover. Ved ev interessantar: noter namna, vis dei vidare til KystAktiv, Njord, Moreld mm
- Det vert ikkje lagt opp til noko klubbturn utover det som allereie er satt opp. Vi kan tenke på å arrangere ein vintertur til til dømes Nordalsfjorden. **SISSEL** sjekkar opp ev overnattings moglegheiter

- d. Tankar for program for neste år:
- Legge opp til ein vartur og ev. ein hausttur. Vårturen bør vere eit lavterskel arrangement slik at ein femnar om ev. nye medlemmer og dei som nyleg har tatt kurs. Aktuelle områder om lag 1 times kjøring frå Førde: Stongfjorden/Staveneset, Stavøya, området mellom Lavik/Vadheim, Nordalsfjorden
 - Utover det bør vi leggje opp til å delta på eksisterande arrangement.
 - Programmet bør setjast tidleg i sesongen slik at ein kan planleggje sette av helga i god tid på førehand.

5. Padling under Hornesdagane 25-26.aug. og andre opplegg der klubben stiller opp

- Hornesdagane:** Grendalaget Hornes - nytt arrangement i Førde. Dei ønskjer ymse arrangement: klatring, padling, fisking. Det er ingen i styret som har tid til stille på arrangementet. **RUNE** gir tilbakemelding om at vi dessverre ikkje kan stille i år.
- Sandendagane i Naustdal 19. august:** Vi veit ikkje om nokon som har tid til stille på arrangementet. **RUNE** gir tilbakemelding om at vi dessverre ikkje kan stille i år.
- Kystfriluftsdagen i Florø - spørsmål frå 4H:** kan vi stille på den årlege kystfriluftsdagen i Florø. **SISSEL** gir tilbakemelding om at vi dessverre ikkje kan stille i år.


Oppsummering: Vi er som klubb i utgangspunktet positive til å stille på slike arrangement, men vi er avhengige av enkeltpersonar/eldskjeler som ønskjer å stille på vegne av klubben. Alternativet er at lag og organisasjonar kan leige kajakkane og sjølve stå for arrangementet, det må vi orientere om.

6. Prosedyre for registrering/ajourføring av medlemslista

Rutinane rundt dette må standardiserast. Alt bør liggje på ein plass. Åsne sitt excel ark kan vere eit godt utgangspunkt. På innmeldingsskjemaet står det ein del informasjon som også bør registrerast i det aktuelle skjemaet.

Fysisk vil det vere to lister : arbeidsdokumentet til Åsne og oversikten på heimesida. Data som skal registrerast: Innmeldingsdato, Padla hav/elv før: Ja/Nei, Kurs: Ja/Nei Fødselsdato. Mobiltelefon, E-postadresse, adresse.

Saksgong:



7. Nøkkelkort:

For å få nøkkelkort må ein ha ferdigheter på nivå med Nybegynnerkurs. Av det følgjer at ein må ha tilsvarende ferdighetsnivå for å få plass til kajakken i Naustet.

8. Betaling og honorar:

Rune har sjekka opp kva som gjeld for kva vi kan betale ut til ein person som ikkje har eige organisasjonsnummer. Øvre grense til enkeltpersonar er 2000,- per kalenderår så lenge vi ikkje er registrert som arbeidsgjevar.

Rune har snakka med Idrettskrinsen vedrørande dette med arbeidsgjevaransvaret. Dei kan ta på seg å stå som arbeidsgjevar i tilfelle der ein betalar ut honorar som er over grensa.

I tilfellet med Kristian må han betale skatt for honoraret. Då sit han att med mindre enn han vart førespeila då han sa ja til jobben. Ifølgje Rune har han ein skatteprosent på om lag 36%.

Vedtak:

Vi utbetaler 6250,- slik at Kristian sit att med om lag 4000,- for jobben etter skatt. Idrettskrinsen står som arbeidsgjevar.

9. Ymse

a. **Vervekampanje - halv pris for nye medlemmar frå no av.**

b. **Rekneskap: naust/drift:**

i. Alle utgifter til vedlikehald skal førast på Drift.

ii. Naustet bør ferdigstillast slik at vi får ut resten av Tippemidlane.

Tore skal kjøpe inn resten av utstyr/materiale som skal brukast til ferdigstilling av Naustet innvendig

RUNE sjekkar om det er noko frist for ferdigstilling av prosjektrekneskap